



MB EIGEDOM AS

6693 MJOSUNDET

Saksbehandler, innvalgstelefon

Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## MB Eigedom AS - Vedtak om løyve til utfylling ved Mjosundet i Aure kommune

---

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette MB Eigedom AS løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Mjosundet i Aure kommune. Løyvet med vilkår fylgjer vedlagt.**

**Det vert vedteke eit gebyr på kr 33 800 for handsaminga av søknaden.**

---

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad av 30.11.2021 om utfylling i sjø.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette MB Eigedom AS løyve til utfylling i sjø ved Mjosundet, gnr. 7 bnr. 55, i Aure kommune. Løyvet er gjevne med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjust gjennomført.

At forureininga er tillate utelukka ikkje erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

### Saka sin bakgrunn

MB Eigedom AS søkte 30.11.2021 om løyve etter forureiningslova til utfylling ved gnr. 7 bnr. 55 ved Mjosundet i Aure kommune. Søknaden omfattar utfylling med opp til om lag 2 000 m<sup>3</sup> massar over eit areal på om lag 350 m<sup>2</sup> for å utvide industriområdet.



## Høring og innspel

Søknaden var på høring til 16.01.2022. Vi fekk inn dei følgjande uttalene og innspela:

### Aure kommune (22.12.2021)

Kommunen skriv at landområdet ved den aktuelle lokaliteten er regulert til industriføremål, mens sjøområda innanfor planavgrensinga ikkje er regulert. I sjøområdeplan vedteken i 2018 er sjøområda satt av til VFE01 med føremål «ferdsel», med omsynssone langs land om at gjeldande reguleringsplan skal gjelde.

Kommunen opplyser vidare at det går ei kommunal vassledning i området som i stor grad følger austsida av fylkesveg 6190 gjennom Mjosundet. På den vestlegaste delen av eigedomen gnr. 7 bnr. 55 er det røyrløysingar for sanitæravløp og på eigedomen gnr. 7 bnr. 23 har kommunen registrert to slamavskiljarar. I kommunen sin uttale er det kartvedlegg som syner ledningane.

Kommunen skriv til sist at den ikkje er kjend med spesielle interessekonfliktar i det aktuelle området.

### Fiskeridirektoratet (21.12.2021)

Fiskeridirektoratet opplyser at det er registrert to låssettingsplasser for sild og makrell. Den ene ligger ca. 200 meter sør for tiltaksområdet og den andre ca. 700 meter mot nord. Fiskeridirektoratet vil at det påses at det ikke står fisk i låssettingsplassene når tiltaket gjennomføres.

Ingen akvakulturlokaliteter er registrert i nærområdet.

Havforskningsinstituttet (HI) har registrert et regionalt viktig gytefelt for torsk i Aursundet og Mjosundet, og tiltaksområdet ligger inne i dette feltet. Fiskeridirektoratet ønsker at det tas hensyn til dette, og viser til en tidligere uttalelse fra HI der det ble anbefalt at tiltak som utfylling i sjø i nærheten av gytefelt i størst mulig grad gjøres utenfor gyteperioden og perioden der yngelen bunnslår, samt at det ble anbefalt bruk av siltgardin for å motvirke spredning av partikler og miljøgifter. Fiskeridirektoratet tilrår at anbefalingen fra HI om å unngå utfylling i gyte- og bunnslåingsperioden følges, og skriver at dette gjelder perioden fra februar til medio juni. De ønsker også at det gjøres avbøtende tiltak for å hindre eller redusere spredning av partikler i sjøen, dette spesielt for å begrense skader på yngel som gjennom sommeren og høsten lever i oppvekstområder nær gytefeltet.

### Kristiansund og Nordmøre Havn IKS (18.01.2022)

Havnevesenet skal ivareta formålet i havne- og farvannsloven. De kan ikke se at det aktuelle tiltaket vil vanskeliggjøre eller komme i konflikt med maritime/nautiske interesser og har derfor ingen merknader til fyllingen slik den er vist på tegninger vedlagt søknaden.

## Statsforvaltarens vurderingar

Tiltaket, som omfattar utfylling i sjø med steinmassar, er lite i omfang, men skal utførast i eit område med fleire industriverksemder, mellom anna skipsverft. Dette tilseier etter vår meining at det er sannsynleg at sjøbotnen i tiltaksområdet er forureina. Tiltaket vil kunne medføre at miljøgifter virvlast opp og spreia til reinare sjøområde, og vi finn at det er behov for eit løyve etter forureiningslova § 11. Ved avgjerda, og ved fastsetting av vilkår, har vi lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempe ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre, jf. forureiningslova § 11, femte ledd.

### Sedimentforureining og spreining av partiklar



Utfylling i sjø medfører risiko for spreiding av partiklar frå fyllmassane og frå sjøbotnen, og for spreiding av miljøgifter dersom sjøbotnen der det fyllast ut er forureina. Det er ikkje tatt prøvar i tiltaksområdet for å undersøke om det er forureina, men på bakgrunn av at det er fleire industriverksemder, inkludert skipsverft, i området, finn vi det sannsynleg at sjøbotnen er påverka i av forureining.

Sjøbotnen er i søknaden skildra som stein- og fjellbotn med eksisterande steinfylling. Hard botn vil motverke spreiding av miljøgifter og partiklar, men det kan vere lommer med finstoff der det er forureiningar. Det er registrert fleire fiskeriinteresser i nærleiken til tiltaksområdet (sjå komande avsnitt).

#### Plast og anna avfall

Utfyllingsmassar inneheld vesentlege mengder finstoff, restar av sprengtråd eller anna avfall. I søknaden er det oppgitt at det vil verte nytta steinmassar sprengd ut frå ein steinhamar som ligg i nærleiken til tiltaksområdet. Vidare er det oppgitt at det ikkje vil vere avfall i massane, men at det kan vere jord og vegetasjon som vil verte fjerna før utskyting av hamaren.

Det er viktig at tiltaksarbeidet i så liten grad som mogleg medfører spreiding av finstoff og plast og anna avfall i det marine miljøet. Vilkår 4.5 i løyvet skal sikre god handsaming av avfall under tiltaket. Berre massar som er reine og eigna til føremålet kan nyttast til utfylling.

#### Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane våre har hatt utgangspunkt i informasjon tilgjengeleg i *Naturbasen* og Fiskeridirektoratet sin database. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og finn ikkje grunn til å legge vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

I *Naturbasen* er det ikkje registrert spesielle naturverdiar, verneområde eller liknande i nærleiken til tiltaksområdet som kan verte påverka av tiltaket.

I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det registrert eit større gytefelt for torsk som omfattar heile Aursundet og Mjosundet, inkludert sjølve tiltaksområdet. Feltet er registrert som regionalt viktig. Torsken sin gyting skjer normalt i perioden frå februar til april, og fisken vil vere ekstra sårbar i denne perioden. Fisken er òg sårbar i den påfølgjande perioden etter gytinga, og det kan vere yngel som botnslår fram til om lag midten av juni. I desse periodane bør ein difor vere varsam med tiltak som kan medføre spreiding av partiklar og miljøgifter i vassmassane.

Ved utfyllingsarbeid i den sårbare perioden må utlegginga av massar utførast så skånsamt som mogleg (vilkår 4.7) og ein må sjå til at utfyllingsmassane bringer med seg minst mogleg finstoff som kan gjeve partikkelspreiing i sjøen. Dersom overvaking av tiltaket (vilkår 5.1) syner at det skjer vesentleg spreiding av partiklar ut frå tiltaksområdet, må det etablerast siltgardin for å unngå slik spreiding.

I Mjosundet, om lag 150 meter sør for tiltaksområdet på det næraste, er det registrert eit større felt for låssetting. Tiltakshavar må varsle lokale fiskarlag før tiltaket.

Midt i Aursundet, om lag 1,9 kilometer aust for tiltaksområdet, er det registrert større felt for fiske med aktive reiskapar og for rekefangst. På grunn av den vesentlege avstanden, ventast ikkje desse felte å verte påverka av tiltaket.



Den næraste registrerte akvakulturlokaliteten er 10231 Storvik, men denne har ei avstand på om lag 3,5 kilometer til tiltaksområdet, og ventast ikkje å verte påverka.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastinga som økosystemet vert usett for. Det aktuelle tiltaket er lite i omfang, men medfører ein viss risiko for spreining av miljøgifter og partiklar. Det er satt vilkår i løyvet for å motvirke slik spreining, og vi venter ikkje at tiltaket vil medføre eit vesentleg bidrag til den samla belastinga i området.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekkje kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltaket sin karakter og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekt eventuelle kostnadar av avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

#### Vassdirektivet

Tiltaka skal utførast i vassførekomsten ved namn *Mjosundet*, som i databasen *Vann-nett* har moderat økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifølgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta), normalt ikkje utførast dersom tiltaka vil medføre ein reduksjon av førekomsten sin økologiske status. På bakgrunn av vilkåra i løyvet og at det aktuelle tiltaket er lite i omfang, finn vi det ikkje sannsynleg at det vil skje ein slik reduksjon som fylgje av tiltaket.

#### Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillèt tiltak i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra meiner Statsforvaltaren at tiltaket ikkje vil medføre spreining av miljøgifter og partiklar eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor samanlikna med samfunnsnytta til tiltaket.

#### **Erstatningsansvar**

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

#### **Vedtak om gebyr for sakshandsaminga**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til vårt brev med varsel om sakshandsamingsgebyr. Vidare syner vi til *Forskrift om begrenning av forurensning* (forureiningsforskrifta) av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova § 39-3 og 39-4. Tiltaket plasserast, som varsla, under gebyrsats 6. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 33 800 for sakshandsaminga. Faktura med innbetalingsblankett vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Ressursbruk knytt til sakshandsaminga er lagt til grunn ved avgjerda av gebyrsats. Under dette høyrer gjennomgang og høyring av søknaden og innhenting av uttaler frå andre instansar, korrespondanse med søkjaren og utarbeiding og ferdigstilling av løyvet. Innsats frå ulike fagpersonar hos Statsforvaltaren inngår òg.

Vedtaket om gebyrsats kan klagast på til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga får ikkje oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må



difor betalast slik som det er skildra over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no).

### Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunnjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Dersom vedtaket klagast på, kan Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet på førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Klaga skal sendast via Statsforvaltaren. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

### Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet vart gjeve. Verksemda kan nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Dette er vårt forslag til kunngjeringstekst ved kunngjering av løyvet i lokalavisa:

*MB Eigedom AS får løyve etter forureiningslova til utfylling ved Mjosundet, gnr. 7 bnr. 55, i Aure kommune. Det skal fyllast ut med opp til om lag 2 000 m<sup>3</sup> massar over eit areal på om lag 350 m<sup>2</sup> for å utvide industriarealet.*

*Vedtak med løyve og informasjon om klagemoglegheiter kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, [www.statsforvaltaren.no/More-og-Romsdal](http://www.statsforvaltaren.no/More-og-Romsdal), under «Forureining og avfall» og «Kunngjeringar».*

### Tidsfristar og oppfølging

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast melding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post [thomas.aurdal@statsforvalteren.no](mailto:thomas.aurdal@statsforvalteren.no).
- Løyvet er gyldig til **31.12.2023**
- Sluttrapport, jf. vilkår 6.1 i løyvet, skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er fullført.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Vedlegg:  
1 Løyve

Kopi til:

|                     |              |      |        |
|---------------------|--------------|------|--------|
| FISKERIDIREKTORATET | Postboks 185 | 5804 | BERGEN |
|                     | Sentrum      |      |        |
| AURE KOMMUNE        | Postboks 33  | 6689 | AURE   |

**Løyve for MB Eigedom AS til utfylling i sjø ved Mjosundet, Aure kommune**

Løyvet er gjeve i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2023**.

## Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

|                                    |                                     |
|------------------------------------|-------------------------------------|
| Bedrift                            | MB Eigedom AS                       |
| Lokalisering/gateadresse           | -                                   |
| Postadresse                        | 6693 MJOSUNDET                      |
| Org. nummer (bedrift)              | 993 381 128 (tilhøyrar 961 824 982) |
| Lokalitet for tiltaket             | Mjosundet                           |
| Koordinatar for tiltaket (UTM 32)  | X: 475068, Y: 7011317               |
| Gards- og bruksnummer for tiltaket | Gnr. 7 bnr. 55                      |
| Kommune tiltaket utførast i        | Aure                                |

## Statsforvaltarens referansar

|             |                 |                           |           |
|-------------|-----------------|---------------------------|-----------|
| Løyvenummer | Anleggsnummer   | Risikoklasse <sup>1</sup> | ePhorte   |
| 2021.1085.T | 1576.0107.01    | 4                         | 2021/6034 |
| Løyve gitt: | Endringsnummer: | Sist endra:               |           |
| 04.02.2022  | -               | -                         |           |

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## Endringslogg

| Endringsnummer | Endringar av | Punkt | Kva endring som er gjort |
|----------------|--------------|-------|--------------------------|
| -              | -            | -     | -                        |

<sup>1</sup> Miljømyndigheitene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## 1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med opptil om lag 2 000 m<sup>3</sup> reine massar i eit område på om lag 350 m<sup>2</sup> sjøbotn ved gnr. 7 bnr. 55 ved Mjosundet i Aure kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til føremålet.

## 2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 30.11.2021 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og NTNU vitenskapsmuseet kontaktast.

## 3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.





- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2016).

#### 4. Utfylling i sjø

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.
- 4.3 Utfylling må utførast skånsamt for å minimere spreinga av miljøgifter og partiklar.
- 4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II for sedimentar i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere egna til føremålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.
- 4.5 Det må utførast tiltak etter behov for å unngå spreiring av sprengtråd og anna avfall i sjøen, som kan føre til marin forureining. Tiltak kan vere utsortering av sprengtråd og anna avfall frå fyllmassane før utfylling og oppsamling av synleg avfall frå vassflata. Fyllmassar som inneheld mykje sprengtrådrestar eller anna avfall, må ikkje nyttast til utfylling i sjø.
- 4.6 Tiltaket skal utførast under høvelege vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreiring av partiklar.
- 4.7 Utfylling i torsken sin gyteperiode og perioden er yngelen botnslår (1. februar til 15. juni) må utførast så skånsamt som mogleg for å unngå uheldig spreiring av partiklar. Det må sjåast til at utfyllingsmassane i minst mogleg grad bringer med seg finstoff. Dersom det observerast vesentleg spreiring av slam eller partiklar, må det etablerast siltgardin ikring tiltaksområdet som skal motvirke spreiring.



## **5. Kontroll og overvaking**

5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet med fokus på spreiiing av partiklar og slam og plast og anna avfall. Dersom det oppdagast stor spreiiing av partiklar, spreiiing av plast, eller liknande, må arbeidet utførast meir skånsamt og dei avbøtande tiltaka forsterkast.

## **6. Rapportering**

6.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Ei skildring av avbøtande tiltak som vart gjort for å motvirke oppvirvling og spreiiing av partiklar og plastavfall og anna miljøulempe under arbeidet
- Ei skildring av eventuelle uheldige eller avvikande hendingar under arbeidet, og korrigerande tiltak.